

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Fylkesrådmann Tore Eriksen

## Forslag til kompromiss – regionalt tilskott til Musea i Sogn og Fjordane

Det vert vist til møte mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og representantar frå kommunane i Sogn og Fjordane 31.08.2015 i Leikanger om kostnadsfordeling av tilskot til musea.

Kommunane reagerer på at fylkeskommunen einsidig har vedteke å redusere det fylkeskommunale tilskottet til musea med 3,1 mill kr dei kommande åra utan å ha drøfta dette med kommunane.

For at musea ikkje skal komme därlegare ut økonomisk og i verste fall også få redusert det statlege tilskottet, drøfta partane eit kompromiss. Representantane for kommunane vil tilrå for kommunane at kommunetilskottet vert auka samstundes som musea må vurdere driftsnivået.

Det forslaget som vart drøfta i møtet, og som vi vil gjere framlegg om blir lagt til grunn i det vidare arbeidet er:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har alt redusert tilskotet sitt med 1,1 mill kr i 2015

Sogn og Fjordane fylkeskommune utset reduksjonen for 2016 på 1 mill kr til 2017 slik at kommunane får tid på seg til å komme opp med ei ny tilskotsfordeling.

Kommunane aukar sitt tilskott frå 2017 med 1 mill kr.

Sogn og Fjordane fylkeskommune reduserer ikkje sitt tilskott i 2018.

**Samla reduserer fylkeskommunen då sitt tilskott med 2,1 mill kr, kommunane aukar sitt med 1 mill kr og MISF har redusert driftsnivået sitt med 1,1 mill kr.** Ein kan med denne skissa risikere at det statlege tilskotet også blir redusert. I ein slik situasjon må kommunane vurdere å auke sitt tilskot ytterlegare og fylkeskommunen redusere mindre.

I tillegg til å drøfte auka tilskott frå kommunane, drøftar kommunane også ein ny modell for fordeling av kostnadane mellan kommunane. Dette gjer at kostnadsbiletet for enkeltkommunar kan endre seg meir enn det totalauken i tilskottet frå kommunane skulle tilsei.

Leikanger, 23.09.2015

Olav Lunden

På vegne av felles arbeidsgruppe med medlemmar frå regionråda og Musea i Sogn og Fjordane

Kopi: KS- Sogn og Fjordane, Inge Bent Arnestad, Oddbjørn Ese, Ola Hovland, Ole John Østenstad, Olve Grotle og Jan Kåre Fure